



## Saksframlegg

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>
	Formannskapet	

Sakshandsamar:	Rådjevargruppa	Terje Kallekleiv
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 14/140
		Klassering:

### Kulturminneplan 2019

Formannskapet legg utkastet til kulturminneplan ut på høyring i 6 veker – i samsvar med plan- og bygningslova §11-14 - for å få innspel til planen - og evt. få nye innspel om aktuelle kulturminne som bør inngå i planen. Innspel til må vera levert innan 14.10.2019

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn/ Fakta

Kommunestyret vedtok 13.12.2016, sak 90/2016 - å starta opp arbeidet med ny kulturminneplan i medhald av plan- og bygningslova §11-12. Eit utkast til kulturminneplan er no klar til politisk handsaming.

Vedtaket i kommunestyre var berre dels i samsvar med kommunen sin planstrategi som vart vedteken i kommunestyre 28.09.2016. I planstrategien er kulturminneplanen definert som ein temaplan – d.v.s. utan lovheimla krav til prosess. I oppstart-vedtaket vart planarbeidet derimot heimla i plan- og bygningslova som ein kommunedelplan – med klåre krav til prosess.

Formannskapet vedtok planprogrammet for arbeidet 16.01.2018. I den står det m.a. følgjande:

*«Den kommunale planstrategien seier at kulturminneplanen skal vera ein temaplan. For at flest mogleg skal få høve til å uttala seg undervegs i prosessen og sikra breiast mogleg deltaking, vil planarbeidet likevel følgje prosesskrava i plan- og bygningslova.»*

Samla sett vurderer rådmannen at planarbeidet må følgje ein formell prosess som kommunedelplan.

At planframlegget blir sendt på høyring ein periode har den fordel at kommunen får innspel til arbeidet – samtidig som det opnar for registrering av kulturminne som til no ikkje er registrert. Ut over dette kan ein formell prosess etter plan- og bygningslova synast noko omfattande. Kulturminneplanen vil uansett ikkje representera noko direkte juridisk styrkingsverktøy. Det må i så fall konkretiserast i arealdelen til kommuneplanen eller i reguleringsplan.

Rådmann si vurdering er difor at formannskapet evt. kan leggje saksprosessen i saka fram for kommunestyre på nytt slik at dette får ei djupare utgreiing, dersom det er ønskjeleg.

Slik saka står no er rådmannen si vurdering at administrasjonen legg opp til ein prosess i samsvar med Plan- og bygningslova fordi dette er rådmannen si oppfatning av

kommunestyret si bestilling. Det betyr at planutkastet skal ut på høyring i minst 6 veker. I etterkant av høyringa skal det utarbeidast ein handlingsplan til kulturminneplanen slik at vi får ei prioritering av kulturminne og tiltak. Gjennom høyringa opnar vi for å gje tilbakemelding om korleis kommunen skal handtere forvaltninga av kulturminne framover, og vi tenkjer dette kan vera ein tenleg framgangsmåte.

#### **Vurdering/ Konklusjon**

Formannskapet legg framlegget til kulturminneplan ut på høyring i 6 veker – i samsvar med plan- og bygningslova §11-14 - for å få innspel til planen - og få nye innspel om aktuelle kulturminne som bør inngå i planen. Innspel til må vera levert innan 14.10.2019.

#### **Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

#### **Vedlagte saksdokument:**

Kulturminneplan i Masfjorden 2019	64610	21.08.2019
Lokalitetar	64611	21.08.2019